

Dato: 20.11.20
Vår ref.: Patrick Langeland

Kunngjering av planoppstart for detaljreguleringsplan T104 Garnes del av gbnr. 20/5, på Garnes i Ulstein kommune

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for T104 Garnes del av gbnr. 20/5, på Garnes i Ulstein kommune. Planområdet er på om lag 99 daa, og føremålet med reguleringa er å detaljregulere for fritidsbuseiendom med andre tilhøyrande formål på området kjent som T104 Garnes i gjeldande kommuneplan for Ulstein kommune.



Dagens situasjon.

Bakgrunn

Planområdet er ikkje tidlegare regulert, men vart nyleg avsett til fritids- og turistformål i kommuneplanen sin arealdel, med krav om eventuelle utbygging må avklarast gjennom ein detaljreguleringsplan. Nordplan AS er engasjert av Ulstein Betong Utbygging AS for å sjå på mogleg utvikling av området i samsvar med gjeldande plan.


Detaljreguleringsplanen vil dermed bli utarbeidd i samarbeid med planrådgjevar, oppdragsgjevar, kommunen og ev. innkomne innspel som kjem i samband med planarbeidet. Det har vore gjennomført eit oppstartsmøte med Ulstein kommune den 18. september 2020 i samband med planarbeidet, samt planen har vert oppe i formannskapet og teknisk utval for handsaming.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel.

Planavgrensing

Planområdet er avgrensa av del av gbnr. 20/5 på Garnes, samt ligg tett opp til del av gbnr. 20/59 som er tilknytt fylkesveg 61/Garnesvegen. Planområdet er i hovudsak avgrensa av område T104 Garnes i kommuneplanen, men delar av fylkesvegen, sjøareal og eit areal kring den aktuelle avkøyringa er inkluder med omsyn til planlagt småbåthamn samt aktuell avkøyring for å bla. vise frisktsoner.



Planavgrensing er vist med svart stipla linje.

Viktige tema i planen

Viktige tema for planarbeidet er veg og trafikale tilhøve, støy, landskap og topologi, stormflo og havstigning, ekstremvær, vatn og avlaup og ROS-analyse m.m.

Krav om planprogram/konsekvensutgreiing

Det visast til plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing. I samsvar med plan- og bygningslova § 4-2 og forskrifta §§ 6, 7, 8 og 10 vurderer forslagsstillar og Ulstein kommune at det ikkje vil være krav om planprogram og konsekvensutgreiing.

Oppstart

Ulstein Betong Utbygging AS er tiltakshavar og Nordplan AS er utførande konsulent. Oppstart vert også annonsert i avisa Vikabladet. Planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er elles å finne på <https://www.ulstein.kommune.no/organisasjon-og-tilsette/hoyringar-og-kunngjeringar/> eller www.nordplan.no/kunngjeringar/. Naboar og rørte partar vert med dette varsla direkte.

Vidare saksgang og medverknad

Det er høve til å komme med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle innkomne merknader vil bli vurdert i det vidare planarbeidet.

Når det er utarbeidd forslag til reguleringsplan med plankart og føresegner, vil reguleringsplanen bli lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då igjen vere høve til å komme med innspel og merknader til det konkrete planforslaget.

Frist for innsending av merknader

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast på e-post til pl@nordplan.no eller til postadresse Nordplan AS v/ Patrick Langeland, Postboks 685 , 6804 Førde

Frist for innspel: **18. desember 2020**

Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna på telefon 91 70 69 43 eller e-post.

Med helsing
for Nordplan AS



Patrick Langeland

By- og arealplanleggar
Master i Teknologi/Sivilingeniør

Varslingsliste for detaljreguleringsplan Garnes T104 i Ulstein kommune

Tiltakshavar

Følgjande blir varsla per e-post.

Namn	Postadresse	Post nr.	E-post
ULSTEIN BETONG		6064	harald@ulsteinbetong.no
UTBYGGING AS	EIKSUNDSVEGEN 99	HADDAL	

Varslingsliste organisasjonar og offentlege instansar

Følgjande blir varsla per e-post.

Namn	Postadresse/Avd.	Post nr./Stad	E-post
FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	POSTBOKS 2520	6404 MOLDE	fmmrpost@fylkesmannen.no
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	POSTBOKS 2500	6404 MOLDE	post@mrfylke.no
STATENS VEGVESEN	POSTBOKS 1010	2605 LILLEHAMMER	firmapost@vegvesen.no
NVE REGION VEST	POSTBOKS 53	6801 FØRDE	rv@nve.no
MØRENETT AS	LANGEMYRA 6	6160 HOVDEBYGDA	runar.tandstad@morenett.no
TELENOR KABELNETT	POSTBOKS 7150	5020 BERGEN	kabelnett@telenor.com
SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS	SMÅRISEVADET 20	6065 ULSTEINVIK	firmapost@reinhaldsverket.no
ULSTEIN KOMMUNE	POSTBOKS 143	6067 ULSTEINVIK	postmottak@ulstein.kommune.no
PLAN	-	-	cecilie.roppen@ulstein.kommune.no
BRANN	-	-	olav.brubakk@ulstein.kommune.no
TEKNISK	-	-	harald.overeng@ulstein.kommune.no

Varslingsliste grensa eigedom/nabo

Følgjande blir varsla per post.

Namn	Adresse	Post nr.
LARS PEDERSEN	GARNESVEGEN 85	6064 HADDAL
SIV MARITA PEDERSEN	GARNESVEGEN 85	6064 HADDAL
HOGNE SAUNES	BUKKERYSTA 13	6060 HAREID
GERD BIRKELAND	SJUKEHEIMSVEGEN 24	6064 ULSTEINVIK
ALEKSANDER ROTH	GARNESVEGEN 127	6064 HADDAL